

## **ÅRSMELDING FOR NORDMØRE FORSVARSFORENING (NF) FOR ÅRET 2022**

Styret har i meldingsåret 2022 hatt slik samansetting: Olav Jostein Holten, leiar, Lars Indreiten, nestleiar, Johs. J. Vaag, sekretær, Halvor Flatekval, kasserar og Ivar Edmund Vatn, styremedlem.

(Lars Indreiten og Johs. J. Vaag er på val).

Varamedlemar: Jo Inge Øverland og Nils Johan Rodal.

Revisor: Jan Gausen.

Valnemnd: Astrid Sinnes, Per O. Moen og Ivar Jonas Nørbeck. Per O. Moen blei vald til leiar i valnemnda.

### **Møteverksemd**

I året er det halde 4 styremøte. Årsmøtet blei halde på Hammerstuene 15. februar 2022. 17 medlemmar av NF var oppmøtt. Årsmøtet dreide seg i hovudsak om førebuingane til Mørekonferansen, som skal arrangerast 7. februar 2023. På årsmøtet vart det vedtatt at Indre Nordmøre forsvarsforening skulle endre namn til Nordmøre forsvarsforening. Dette som følgje av at Ytre Nordmøre forsvarsforening diverre hadde blitt nedlagd. Det vart gjort fleire forsøk på å få foreninga i gang igjen, utan at det lukkast.

Leiar for NF var på leiarmøte i Norges Forsvarsforening (NFF) på Sundvolden i dagane 22. og 23. april.

### **Aktivitetar i året**

28. april var NF representert ved gravferda til vårt medlem Johan Ørsal. NF hadde båret bukett ved dette høvet

8. mai var det blomsternedlegging ved den russiske gravstaden på Vinjeøra. Ved bautaen over falne under siste krig ved Aure kyrkje tala leiar Olav Jostein Holten i NF og la ned krans. Aure ungdomslag deltok med fane og fanevakt. Det var mykje folk til stades. I Aure historielag sitt årsskrift for året 2022 er det omtale og bilde frå denne hendinga. Etter markeringa var det samling for deltakarane i Raudstova, like ved kyrkja, kor det var sosialt samvær med kaffe og kaker.

Det har i meldingsåret vore styremøte saman med dei nye yngre drivarane av Krigsminnesamlinga. Vidare har det vore ein dag med dugnad på

Krigsminnesamlinga saman med dei nye drivarane. Det har og vore slått rundt huset.

6. september var det besøk av 10-klassingar frå Surnadal ungdomsskole. Opplegget var i samarbeid med Nordmøre Museum.

10 september var det studietur til Sunndal. 10 mann møtte opp på Sunndalsøra. Espen Flå Bolstad ga dei oppmøtte ei orientering om det som skjedde i Sunndal i åra 1940-45. Svært mange tyske avdelingar var nemleg samla i Sunndal under krigen. Det var til dømes mange store brakkeleirar som vart bygdde i dalen under krigstida. Det blei lagd ned blomster ved krigskyrkjegarden der fangar frå Russland og Ukraina er gravlagde. Deretter bar det til Bygdemuseet på Leikvin kor studieturen etter omvising blei avslutta.

27. september var det besøk av 8 og 9-klassingar på Krigsminnesamlinga. Dette opplegget var også eit samarbeid med Nordmøre Museum.

Det har vore dugnader ved Krigsminnesamlinga i år som tidlegare år.

På rekneskapen for 2022 vil NF få eit underskott. Kor stort vil kome fram når rekneskapen blir presentert på årsmøtet. NF søkte Sparebank 1 Nordmøre om økonomisk støtte. Søknaden blei avslått. Slike avslag var ikkje vanleg den tida vi hadde Surnadal Sparebank. Til pressa uttala Sparebank 1 Nordmøre at alle som søkte fekk økonomisk støtte.

Både leiar og nestleiar var i Molde domkyrkje ved gravferda til Sjur Fedje. NF hadde bærebukett saman med Romsdal forsvarsforening. Det er eit stort tap for alle forsvarsinteresserte at Sjur Fedje er død. Leiarane av Nordmøre og Romsdal forsvarsforeningar var også til stades da urna til Sjur Fedje vart sett ned på familiegravstaden ved Todalen kyrkje. NF lyser fred over minnet.

### **Mørekonferansen**

Det er lagd opp til at det for dei tre første åra skal haldast ein konferanse om ymse beredskapstiltak. Det er dei tre forsvarsforeningane i Møre og Romsdal i samarbeid med NFF som skal stå bak denne konferansen, som har fått namnet Mørekonferansen. Konferansen for året 2023 blir halden 7. februar på Kulturhuset i Surnadal. Statsforvaltar Else May Norderhus har fastsett datoen for konferansen. Opplegget blir i samarbeid med Surnadal kommune. Styret for NF leigd Storstova med amfi for denne dagen. Dette vil nok koste ein del.

## Aktivitetsplan for 2023

Styret i NF vedtok på styremøte 14. desember 2022 slik aktivitetsplan for 2023:

21.02.23: Årsmøte på Hammerstuene, Surnadalsøra. Møtet startar kl. 13.00.

07.04.23: Skiskytingens Dag på Vassdalssetra i Bæverdalen. Tidsrom frå kl. 12.00 til kl. 16.00.

08.05.23: Markering av 8. mai 2023. Styret tilrår at foreninga legg arrangementet til Minnebauta på Liabø i Heim og ved Vinje kyrkje i Heim med etterfølgjande samling på Grønsetfjøset på Vinjeøra. Dette blir da eit samarbeid mellom NF og Brigadeveteranforeninga.

I løpet av juni måned blir det dugnader og open dag ved Krigsminnesamlinga. Styret vil på eit seinare tidspunkt kome attende til konkret fastsetting av aktuelle datoar for desse aktivitetane.

Ultimo juni 2023: Øramartnaden

Omvising på Krigsminnesamlinga for elevar ved 9. klasse på ungdomsskolen. Det blir følgd same opplegg som for tidlegare år.

Medio desember 2023: Forsvarets julegudsteneste i Nidarosdomen. Nærare informasjon om dette vil kome på eit seinare tidspunkt.

På nyåret vil **Mørekonferansen** om Tryggleik og Beredskap bli arrangert 07.02.23 på Kulturhuset på Skei. Forsvarsforeiningane på Nordmøre, Romsdal og Sunnmøre står i fellesskap bak opplegget. Forsvarsforeininga sentralt er også med i planlegging og opplegg. Statsforvaltaren vil delta på konferansen. Dato for gjennomføring av denne konferansen er no fastsett til 07.02.23.

Vår leiar, Olav Jostein Holten, er med i programgruppa for konferansen.

NF tek sikte på å halde fram med samarbeidet med Nordmøre Brigadeveteranforeining. Til sommaren blir det lagd opp til ein tur etter same opplegg som tidlegare. Styret vil tilrå at årets forsvarshistoriske sommartur blir lagd til Kvalvik fort på Frei.

Olav Jostein Holten (s)

Leiar

Johs. J. Vaag

Sekretær